

## Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 04.11.2020

**Øyvind Strømmen (MDG)** sette fram på vegne av MDG, Sp, FNB, SV, Ap, R, V slikt forslag:

“Nytt pkt. 5:

Fylkesutvalet meiner at ein ikkje skal la koronapandemien hindre busetting av flyktningar dei neste åra. Vi meiner også at tal på busette flyktningar i Noreg skal aukast dei neste åra for å kompensere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett færre flyktningar enn det som var planlagt før den nedjustere anmodinga for 2020. “

**Terje Kollbotn (R)** sette fram på vegne av R og V slikt forslag:

“Nytt pkt.4:

Fylkesutvalet er positiv til å ta imot asylsøkjalar / flyktningar frå den tidlegare Moria-leiren i Hellas (minst 50) “

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Strømmen sitt forslag fekk 11 røyster mot 4 røyster (H, PP og Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Kollbotn sitt forslag fekk 11 røyster mot 4 røyster (H, PP og Frp) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet tek orientering om arbeidet med busetjing i Vestland til vitande.

2. Fylkesutvalet ønskjer å følgje arbeidet med busetjing i kommunane, og ber om å bli orientert om situasjonen på nyåret 2021.

3. Fylkesutvalet vil på eit seinare tidspunkt vurdere innspel til dei nasjonale kriteria for busetjing i kommunane. Dette skal vere basert på regionalt samarbeid og dialog med kommunane og god kunnskap om utviklinga i fylket.

4. Fylkesutvalet er positiv til å ta imot asylsøkjalar / flyktningar frå den tidlegare Moria-leiren i Hellas (minst 50

5. Fylkesutvalet meiner at ein ikkje skal la koronapandemien hindre busetting av flyktningar dei neste åra. Vi meiner også at tal på busette flyktningar i Noreg skal aukast dei neste åra for å kompensere for dei som ikkje blei henta i 2020 på grunn av koronapandemien, sånn at vi totalt sett ikkje busett færre flyktningar enn det som var planlagt før den nedjustere anmodinga for 2020